



Det var stor oppslutnad frå start

**I ski-VM i Italia vinn Noreg.  
I Uskedalen og Kvinnherad vinn LIONS**

**Sjølv om sporten på skjermen nok frista mange nådde loppemarknaden i Aktivitetssenteret i dag ein omsetnad på mellom 21 000 og 22 000 og det er nesten like mykje som under den første marknaden. Dette var marknad nummer 3. I fjor nådde dei 20 000. President Erlingur Nielsson antar at det vert ein netto på 18 000**



Presidenten hadde all grunn til å smila

Resultatet er svært bra med tanke på at mange nok prioriterte TV-sporten. Leiinga i LIONS antar at 3 000-4000 vert sendt til sentralt hald og vil inngå i beredskapsfond medan resten går til lokale føremål.

Og her er førebyggjande tiltak for born og unge prioritert. No ventar klubben på søknadar frå dei som driv med slike og andre tiltak. Leiinga i LIONS finn det rett å satsa mest lokalt.

Oppslutnaden var god også denne gongen både om innsamling av loppar og sal. Det var meir pyntegenstandar enn i fjor av til dømes glas, koppar og kar og ein fann også treting som var heller gamle.

Det var ikkje stort innslag av møblar, men ei kappsag gjekk for 300 kroner og ein sykkel for 240 for å nemna 2 døme. Då var det meir problematisk å verta kvitt 4 par ski. Salet av bøker gjekk også relativt tregt.

Denne gongen varte marknaden i 3 timar og det var meir enn nok. Folk koste seg med vaflar mellom slaga og avvikinga var som vanleg profesjonell.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Gunvor Landa har kjøpt mykje og får hjelp av Egil Hovda frå LIONS